



Til deg som skal vere elev ved Stryn vidaregåande skule frå hausten 2010

Hjarteleg velkomen som elev ved Stryn vidaregåande skule
Eg vonar vi vil få til eit godt samarbeid og eit lærerikt skuleår

Skulen tek til måndag 16. august med frammøte kl. 09.00 i Stryn kulturhus.

Timeplan for dagen :

Kl. 09.00 – 10.15 : Samling i kulturhuset med markering av skulestart, generell informasjon og namneoppprop.

Frå kl. 10.30 : Elevane møter kontaktlærer og får nærare orientering om skuleruta, timeplan, lærebøker, utstyr, reglement og generelle ordningar ved skulen.

Data : For elevar på Vg2 gjeld dataordninga innført for skuleåret 2009/2010. For Vg1-elevar viser vi til eiga vedlagd brosjyre vedkomande berbare datamaskiner.

Lærebøker : Det er innført ordning med gratis læremiddel. Alle elevar får lærebøker og digitale læremiddel gratis. Bøkene låner du på biblioteket ein av dei første skuledagane. Boklister vert å finne på skulen si nettside.

Utstyr : Noko av det utstyret som trengst, må du betale for sjølv. Dette gjeld særleg på Vg2-yrkesfag og på idrettsfag. Dette kan gjelde diverse spesialutstyr, arbeidstøy og verneutstyr, permar, passar, linjal og kalkulator.
For elevar på utdanningsprogramma restaurant- og matfag og helse- og sosialfag er det og fastsett ein eigenandel for kost. Det vert utsendt faktura frå skulen haust og vår.
For nærare informasjon om kva utstyr du må dekke sjølv, gå inn på skulen si nettside
Det vil elles bli informert nærare om dette ved skulestart.

Vg1-elevar som har presentasjonsmappe, må ta med denne til oppstartsamtalet med kontaktlærer.

Ved skulestart vil det elles bli lagt opp til at du skal bli betre kjent i skulemiljøet og nærmiljøet. Det vil også bli gjennomført tema med vektlegging av eit godt læringsmiljø, krav og forventningar i skulekvardagen.

VEL MØTT !

Med helsing

For rektor A.Ståle Meland
Hans Petter Galtung

